

# Førerett til utviding av stilling

## Prosedyre kring utlysing og utøving av føreretten for deltidstilsette i fast stilling

1. Ledige stillingar innafor områda reinhald, kontorpersonell, miljøarbeidar og pedagogisk personale skal lysast ut internt i HFK med ei vekes frist jf. HTA § 2.3.1. Slik utlysing skal skje via Personalportalen. Arbeidsgivar må særskilt passe på å informere arbeidstakrar i ufrivillig deltid om ledige stillingar jf. Aml § 14-1. Leiar skal m.a. gjennom medarbeidarsamtaleverktøyet skaffe seg oversyn over tilsette i ufrivillig deltid.
2. Den deltidstilsette som søker/set fram krav om førerett, må ha dei kvalifikasjonar som er kravd for den ledige stillinga.
3. Dersom fleire deltidstilsette søker same stilling/set fram krav om førerett skal kvalifikasjonsprinsippet leggjast til grunn. Står søkerane elles kvalifikasjonsmessigt likt, skal den med lengst tenestetid i HFK få tilbodet.
4. Føreretten gjeld for stillingar som har om lag dei same arbeidsoppgåvene som den deltidstilsette utfører i dag eller som vedkomande er kompetent til å utføre.
5. Den som søker på internt utlyst stilling må i søknaden gjere merksam på at han/ho har rettskrav til utvida stilling etter Aml. § 14-3.
6. Før arbeidsgivar tek avgjerd om tilsetting i den ledige stillinga skal arbeidsgivar drøfte spørsmål knytt til føreretten med arbeidstakar med mindre arbeidstakar ikkje ønskjer det. Tema for drøftingane er om arbeidstakar er kvalifisert for stillinga og/eller om føreretten kan gjennomførast utan ulempe for verksemda jf. Aml § 14-1 (3).
7. Dersom eininga vurderer at utviding av stilling for ein deltidstilsett er av vesentleg ulempe for verksemda, skal denne utvidinga vurderast av partane på verksemdsnivå (HFK) før avgjerd vert teke i saka. Det er vidare adgang for partane å bringe saka inn for ei tvisteløysningsnemnd jf. Aml § 14-3 (5).
8. Deltidstilsette må som hovudregel takke ja til heile den ledige stillinga. Arbeidstakar kan ikkje velje seg ein brøk/ein del av ei ledig stilling, men må akseptere heile den utlyste stillinga.
9. Dersom det ikkje vert tilsett i ledig stilling etter intern utlysing skal stillinga(ne) lysast ut eksternt.
10. Einingane må og vere merksam på regelen i Aml § 14-4 (a) om at deltidstilsette som dei siste 12 månader jamnleg har arbeidd utover avtalt arbeidstid, har rett til stilling tilsvarande faktisk arbeidstid i denne perioden ( gjeld ikkje om ein har gått i eit reelt vikariat).
11. Hordaland fylkeskommune vil arbeide for at alle nyoppredda stillingar fortrinnsvis vert skipa som heile stillingar i samsvar med HTA kap. 1 § 2.3.

## Merknader til prosedyren

Dette er eit tiltak for å få ned talet på tilsette med ufrivillig deltid. Denne ordninga vil berre gjelde for dei som går i deltidsstilling og som ønskjer større stillingsprosent. Ein føreset at deltidstilsette i HFK som ønskjer å nytta føreretten viser aktivitet gjennom å søkje på internt utlyste stillingar. Ein føreset også at lokal arbeidsgivar sikrar at alle tilsette har tilgang til PC på arbeidsplassen.

Det er viktig at den eininga som har den ledige stillinga, følgjer raskt opp etter søknadsfristen med vurdering av søker(ane) sine kvalifikasjonar og eventuelle ulempar utøving av føreretten kan ha for eininga. Dersom det etter denne vurderinga ikkje vert noko tilsetting, skal stillinga lysast ut eksternt.

HFK må vurdere nærmare om ekstern utlysing skal utsetjast i dei tilfella der ein part vel å bringe saka inn for ei tvisteløysingsnemnd ved usemje i vurderinga av ulempene for verksemda. Alternativt kan stillinga lysast ut, men at ein ventar med eventuell tilsetting til avgjerd frå tvisteløysingsnemnda ligg føre.  
Tvisteløysingsnemnda er ei sentral nemnd med relativt lang behandlingstid ( 3-4 mnd) i følgje opplysningar på internettet.